

AUSTRHEIM NATURVERNLAG

Boks 63

5156 MASTREVIK

6/11 - 90

AUSTRHEIM KOMMUNE

v/ teknisk ktr.  
5156 MASTREVIK.

Austrheim Naturvernlag er kjend med at det ligg føre ein søknad om hytteby i Stokkeresvågen i Litlelindås, på Gnr. 152 Bnr. 1092.

Søknaden har som kjend vore oppe i landbruksnemnd og Fylkeslandbruksnemnd.

Vi vil med dette brev be om å få denne planen til uttale. Viser til Plan og bygn. loven § 16 som slår fast at kommunen frå eit tidleg tidspunkt i planarbeidet skal drive aktiv opplysning overfor publikum.

Sitat "Berørte enkeltpersonar og grupper skal gis anledning til å delta aktivt i planprosessen."

På forhånd takk.

Helsing Jan Sorely  
leiar

Austrheim Naturvernlag  
Boks 63  
5136 MASTREVIK

5. november 1990

880/90

Bygningsrådet  
Austrheim kommune  
5136 MASTREVIK

KLAGE PA VEDTAK I TEKNISK UTVAL 23.05.90, SAK 57/90:  
BYGGING AV VEG, BRYGGE OG MOLO PA G.NR. 152, BR.NR. I OG 2

Austrheim Naturvernlag (ANV) krev at denne saka straks vert teken opp på nytt. Fylkesrådmannen har allereie gjeve kommunen ein krass uttale for måten denne saka har vore handtert på. Planavdelinga skriv m.a.: "Det kunne vore gode grunnar for å fremja saka som klagesak for fylkesfriluftsnemnda." Når dei ikkje gjer det, er det fordi anlegget ved Littlelindås var ferdigbygd då planavdelinga vart kjent med saka.

Så var også tilfelle då ANV vart trekt inn i saka. Når vi no likevel ynskjer å gå inn i saka, er det av di denne saka for det første har prinsipiell betydning for det framtidige plan- og naturvernarbeidet i kommunen. For det andre meiner vi at det framleis må gå an å sikre det som finst att av naturverdiar i dette området for friluftinteressene i kommunen og regionen.

Området det her er snakk om, er Littlelindåstangane sør på Fosnøya i Austrheim. Det er slege fast både i tidlegare generalplan for Austrheim og i Handlingsprogrammet for friluftsliv i Hordaland at dette området har vesentlege kvalitetar som allment friluftsområde.

I dette området er det no bygd ein "driftsveg" heilt til sjø i Stokkenesvågen. Her er det og bygd ei stor betongkai og ein nokså dominerande molo.

Austrheim kommune ved bygningssjefen gjev etter melding frå utbyggjar løyve til byggjing av veg den 10.05.88. Det var ingen merknader til den planlagde veglinja, som måtte sjåast på som ein vanleg driftsveg, m.a. av di han stoppa eit godt stykke frå sjøen. Det var ingen spesielle utbyggingsinteresser knytt til denne veg-traseen. Bortsett frå at utbyggjaren lenge før løyvet vart gjeve, var gått i gang med anleggsarbeidet, har ANL ingen spesielle merknader til dette løyvet.

Det som så skjer, er for oss heilt uforståeleg. Utan løyve vert vegen vidareført gjennom 100m-sona og til sjø, og utan løyve vert det gjennomført eit masseuttak til molo i den same strandsona. Kvifor handsama ikkje bygningssjefen desse sakene? Kvifor stogga han ikkje den ulovlege utbygginga? Bygningssjefen måtte då allereie ha mistanke om at utbyggjaren ikkje nødvendigvis kom til å venta på eit kommunalt løyve før han sette i gang? I skjerpande retning kjem det at vegen gjennom strandsona ikkje ein gong er meldt til kommunen slik lova krev.

Masseuttak og molo vart derimot meldt til bygningsrådet den 20.01.89. Søknad om molo vart vidaresendt til Kystverket og godkjend. Frå kommunen kjem det derimot ikkje noko godkjenning av masseuttak.

19.04.89 kjem det søknad om trekai til kommunen. I delegasjon vert løyvet gitt av bygningssjefen den 16.06.89.

Sakshandsaminga til kommunen har hol og manglar som sjokkerar. Det alvorlegaste er likevel at kommunen på fleire punkt etter vår meining har brote plan- og bygningsloven. Det er mellom anna grunn til å peika på at fylkesmannen i brev av 21.02.90 til kommunen seier at anlegga som her er bygd, "må vurderast i høve til forbodet mot bygging og fradeling i 100-metersbeltet langs sjøen".

Kommunen bruker unnataka i pkt. 1 og 3 i paragraf 17-2 som grunngeving for ikkje å dispensera frå lova. Pkt. 1 gjev unnatak for "anlegg som er nødvendig i landbruket". Pkt. 3 gjev unnatak for "brygge på bebygd eiendom med sikring av eierens eller brukerens atkomst".

At kommunen kan tolke veg til sjø og molo som "nødvendig i landbruket", kan gje uante konsekvensar i seinare byggjesaker langs sjø. Grunngeving etter pkt. 3 må også avvisast då eigaren frå før har god atkomst til eigedomen via Littlelindås.

I brevet av 21.02.90 avviser også fylkesmannen kommunen si tolking av lova: "Tiltaka krev såleis dispensasjon frå prgrf. 17-2, jfr. prgrf. 7". Fylkesmannen gjer dessutan merksam på at bygningsrådet bør innhenta uttale frå friluftsnemnd/fylkesfriluftsnemnd i saker som vert råka av forbodet mot bygging i 100-m-sona.

Ei anna side av saka er at friluftsløva i område med regionale friluftssinteresser, slik det er snakk om her, krev uttale frå fylkesfriluftsnemnda. Ein slik uttale føreligg ikkje i denne saka.

Som svar på brevet frå fylkesmannen vert så saka handsama den 23.05.90 i teknisk utval. Dette er første gong politikarane formelt har kontakt med saka, og det etter at vegen, moloen og kaia er ferdig bygd. I dette møtet gjev teknisk utval som bygningsråd og friluftsnemnd utbyggjar unntak frå prgrf. 17-2 i plan- og bygningsloven for byggjing av veg, brygge og molo med masseuttak. Vedtaket vert grunngeve med at tiltaka ikkje er til vesentleg hinder for ei eventuell framtidig bruk som friluftsområde.

Austrheim Naturvernlag krev at saka vert teken opp att med denne grunngevinga:

Vedtaket i teknisk utval 23.05.90 er gjort i strid med prgrf. 7, som gjeld for dispensasjon frå prgrf. 17-2. Her står at dispensasjon berre kan gjevast "når særlege grunner foreligger". I vedtaket av 23.05.90 føreligg det ingen "særlege grunner".

Vedtaket i teknisk utval 23.05.90 er gjort i strid med friluftsløven, som krev uttale frå fylkesfriluftsnemnda i område med regionale friluftssinteresser.


Vedtaket i teknisk utval 23.05.90 må kjennast ugyldig av di det ikkje føreligg nokon melding om veg i strandsona til Stokkenesvågen. Bygningssjefen har heller ikkje gjeve noko løyve. Vedtaket er difor teke på sviktande grunnlag.

Når anlegget ligg der og ikkje kan fjernast, vil Austrheim Naturvernlag med bakgrunn i saksgangen krevja at:

1. Vegen til sjøen og anlegga i strandsona må opnast for allmenn ferdsel. Dette er også synet til fylkesrådmannen i brev av 06.07.90. Prgrf. 7 i plan- og bygningsloven gjev dessutan opning for at det kan setjast vilkår for dispensasjon.
2. I strid med søknad til bygningssjefen av 19.04.89 om trekai, er det bygd ei dominerande betongkai i Stokkenesvågen. Dette har utbyggjaren ikkje fått løyve til av bygningssjefen. Vi krev difor betongkaia fjerna.

Austrheim Naturvernlag vil også be om at:

1. Delegasjonsreglementet må takast opp til ny vurdering, m.a. på bakgrunn av at bygningssjefen i denne saka på delegasjon aleine har gjeve løyve til utbygging i strandsona, ei utbygging som krev dispensasjon frå plan- og bygningsloven prgrf. 17-2. Vi ser alvorleg på at korkje bygningsråd el. friluftsråd har vore inne i biletet før utbygging har skjedd.
2. Bygningsråd og friluftsråd må skiljast. Vi bed om at teknisk utval el. adm.utvalet tek initiativ til eit slikt skilje. I dag fungerer bygningsråd som friluftsråd med den same samensetjinga. ANL meiner at friluftsrådet bør vera uavhengig av teknisk utval då det i sakshandsaminga ofte er motstridande interesser: Utbyggjarinteresser og friluftssinteresser.
3. Austrheim Naturvernlag må respekterast som høyringsorgan i utbyggingssaker, og vi bed difor om at teknisk etat for framtida sender oss sakliste evt. sakspapir til møte i teknisk utval slik at vi kan halda oss orienterte. I denne saka har vi delvis følt oss utestengt trass i at det har vore snakk om vitale friluftssinteresser. Det er ein viktig grunn til at denne klagesaka kjem så seint.
4. Friluftssinteressene må i langt sterkare grad ivaretakast i kommunalforvaltninga. Ein kommunal el. interkommunal miljøvernkonulent ville vore eit langt steg i rett lei, for ikkje å snakka om eit miljøvernutval. Vi bed også om at ANL i langt sterkare grad blir trekt inn i sjølve planprosessen, t.d. i samband med arealplanlegginga i den nye kommuneplanen.

  
Jan Nordø  
leiar

Kopi: Rådsmannen  
Ordførar  
Medl. i teknisk utval

Kopi: Miljøvern avdelinga H.F.  
Fylkesrådmannen  
Fylkesfriluftsnemnda

Formannskapet.

**BREV FRÅ NATURVERNLAGET MED KLAGE PÅ VEDTAK I TU-SAK 57/90.**

Viser til brev datert 6/11 - som er oversendt hit for uttale.

Denne saka vart handsama av bygnings sjefen på delegasjon og fekk som utfall at det vart gitt løyve til bygging av veg, molo og trekai i Stokkenesvågen.

Saka vart påklaga til fylkesmannen som sette fram krav om at den måtte handsamast på nytt av bygningsrådet. På denne bakgrunn vart saka handsama i teknisk utval i sak 57/90 den 23/5 - 90. Vedtaket gjekk til Fylkesfriluftsnemnda som klageinstans og svar derifrå låg føre i brev av 6/7 - 90 med resultat at det ikkje vart klaga. Saka er dermed avslutta frå vår side, men vi har merka oss at Fylkesmannen og Fylkesfriluftsnemnda ikkje er samde i vår tolkning av lovheimelen og heller samde med oss i at tiltaka ikkje er til vesentleg hinder for området sin eventuelle framtidige bruk som friluftsområde. Dette har vi teke omsyn til i vår noverande sakshandsaming i liknande saker.


Klagen som no er innsendt av Naturevernlaget gjeld fleire tilhøve. Det som formannskapet må ta stilling til er om dei anlegga det er gitt løyve til er i strid med, eller ikkje i strid med dei retningslinene som politikaane har gitt for bruken av dette området. Med dette som utgangspunkt må det vurderast korleis ein skal gå vidare med klagen som gjeld bygnings sjefen si handtering av saka i høve til arealbruk og delegasjonsreglement.

Når det gjeld eventuelle formelle feil i sakshandsminga så er dette tilhøve som det ligg til bygningsmyndighetene å avgjere. Det går fram at klagen også er oversendt fylkesmannen. Eg finn det difor naturleg å avvente fylkesmannen sin reaksjon på denne delen av klagen.

Det går fram at eg ser det slik at TU sak 57/90 er avslutta og at det ikkje er grunnlag for å ta saka opp att, med mindre dette vert bestemt av bygningsrådet eller fylkesmannen. Slik klagen er forma finn eg det ikkje rett å komme med synspunkt i samband med formannskapet si vurdering av om byggjeløyvet er i samsvar med kommunen sine retningsliner for arealbruk i dette området.

Når det gjeld naturvernlaget sitt krav om at betongkaien må fjernast så er dette ei ny sak. Kaien vart bygt i tidleg i haust og er ikkje utført i samsvar med det løyvet som er gitt. Dette vil verte teke opp og handsama av teknisk utval på vanleg måte.

Mastrevik 12/11-1990

  
Arne Aven  
tekn sjef.

Kopi: Teknisk utval.



AUSTRHEIM KOMMUNE

Svein Magne Ellingsen


5130 AUSTRHEIM.

**OMINNREIING AV NAUST TIL HYTTE.**

Viser til kopi av klage som vart sendt deg den 12/11, og som galdt at naust på Littlelindås skal vere ombygd til hytte.

Det vert bedt om Dykkar merknader til innhaldet i klagen, eventuelt at vi får ei synfaring i naustet som grunnlag for å vurdere om vi skal arbeide vidare med denne saka.

Mastrevik 12/11-1990

  
Arne Aven  
tekn sjef.

Kopi: Teknisk utval.



AUSTRIHEIM KOMMUNE

Margrethe Askerhaug


5130 AUSTRHEIM

KLAGE PÅ OMINNREIING AV NAUST TIL HYTTE PÅ GNR 152 BNR 1.

Vi viser til telefonsamtale og stadfestar at vi har motteke klage som går ut på at dette naustet er innreidd og teke i bruk til hytte.

Teknisk etat vil undersøke saka nærare før den eventuelt vert teke opp i bygningsrådet.

Måstrevik 12/11-1990

  
Arne Aven  
tekn sjef.

Kopi: Svein Magne Ellingsen



AUSTRHEIM KOMMUNE

Austrheim Naturvernlag  
Boks 63

5136 MASTREVIK

HYTTEBY I STOKKENESVÅGEN.


Viser til brev 6/11 med krav om å få hytteplan til uttale.

Som nemnt i møte med Jan Nordø så har grunneigar fått melding om at denne planen ikkje vert teken opp til handsaming før arealbruken i dette området er klarert i kommuneplanssamanheng. Det vil seie at før det kan byggast hytter her så må det i kommuneplanen vere bestemt at området skal brukast til hyttebygging.

Denne saka vert difor ikkje sendt ut til andre organ før den eventuell er aktuell å handsame.

Arbeid med revisjon av kommuneplanen vil verte annonsert på vanleg måte og skal vere avslutta i løpet av 1991.

Mastrevik 12/11-1990



Arne Aven  
tekn sjef.